



Ståle Furnes v/ Vestland fylkeskommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/53 - 20/5513

Saksbehandlar:

Ole Martin Bolset

ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:

31.01.2020

Informasjon angående klagehandsaming

Angående klagehandsaminga på vedtatt detaljreguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy:

Saka vert ikkje teken opp i areal, plan og miljø no den 5 februar 2020.

Administrasjonen meiner saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst jf. forvaltningslova § 17.

Administrasjonen meiner det er grunnlag for å ta klaga til følgje. Før vi kan ta endeleg stilling til klaga, må det likevel gjerast ei undersøking på kva alternativ som let seg gjennomføre.

Blant anna viser vi til dykkar vurdering av alternativ 3, der de skriv følgjande:

«Dette vil gje eit stort inngrep i kollen, men antakeleg vil noko av den kunne stå igjen som buffer.»

For at alternativ 3 skal kunne gjennomførast må ein stor nok del av kollen verte ståande igjen, samtidig som ein må sikre ein konfliktfri tilkomstveg gjennom området, med tanke på plasseringa av fire parkeringsplassar og eit laste-/losseområde. Det er uheldig om reguleringsplanen legg opp til ei løysing som alternativ 3, når vi ikkje er sikre på om kollen vil kunne verte ståande.

Vi ber dykk om å følgje opp saka slik at vi kan ta stilling til klaga basert på ei komplett framstilling.

Med vennleg helsing

Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ståle Furnes v/ Vestland
fylkeskommune